

## AVGJERD I EØS-KOMITEEN

nr. 301/2022

av 9. desember 2022

### om endring av vedlegg II til EØS-avtala (Tekniske forskrifter, standardar, prøving og sertifisering)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtane:

- 1) Kommisjonsforordning (EU) 2022/709 av 6. mai 2022 om avslag på godkjenning av ein helsepåstand om næringsmiddel som viser til utviklinga og helsa til barn<sup>(1)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Kommisjonsforordning (EU) 2022/710 av 6. mai 2022 om avslag på godkjenning av ein helsepåstand om næringsmiddel som viser til redusert sjukdomsrisiko<sup>(2)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 3) Kommisjonsforordning (EU) 2022/711 av 6. mai 2022 om avslag på godkjenning av visse andre helsepåstandar om næringsmiddel enn dei som viser til redusert sjukdomsrisiko og til utviklinga og helsa til barn<sup>(3)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 4) Kommisjonsforordning (EU) 2022/719 av 10. mai 2022 om avslag på godkjenning av visse andre helsepåstandar om næringsmiddel enn dei som viser til redusert sjukdomsrisiko og til utviklinga og helsa til barn<sup>(4)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 5) Kommisjonsforordning (EU) 2022/727 av 11. mai 2022 om avslag på godkjenning av ein helsepåstand om næringsmiddel som viser til redusert sjukdomsrisiko<sup>(5)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 6) Denne avgjerda gjeld føresegner om næringsmiddel. Føresegner om næringsmiddel skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i innleiinga til kapittel XII i vedlegg II til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 7) Vedlegg II til EØS-avtala bør difor endrast –

---

(1) TEU L 133 av 10.5.2022, s. 6.

(2) TEU L 133 av 10.5.2022, s. 9.

(3) TEU L 133 av 10.5.2022, s. 12.

(4) TEU L 134 av 11.5.2022, s. 1.

(5) TEU L 135 av 12.5.2022, s. 1.

TEKE DENNE AVGJERDA:

#### *Artikkel 1*

I EØS-avtala vedlegg II kapittel XII, etter nr. 214 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/741), skal nye nummer lyde:

- ”215. **32022 R 0709**: Kommisjonsforordning (EU) 2022/709 av 6. mai 2022 om avslag på godkjenning av ein helsepåstand om næringsmiddel som viser til utviklinga og helsa til barn (EUT L 133 av 10.5.2022, s. 6).
216. **32022 R 0710**: Kommisjonsforordning (EU) 2022/710 av 6. mai 2022 om avslag på godkjenning av ein helsepåstand om næringsmiddel som viser til redusert sjukdomsrisiko (EUT L 133 av 10.5.2022, s. 9).
217. **32022 R 0711**: Kommisjonsforordning (EU) 2022/711 av 6. mai 2022 om avslag på godkjenning av visse andre helsepåstandar om næringsmiddel enn dei som viser til redusert sjukdomsrisiko og til utviklinga og helsa til barn (EUT L 133 av 10.5.2022, s. 12).
218. **32022 R 0719**: Kommisjonsforordning (EU) 2022/719 av 10. mai 2022 om avslag på godkjenning av visse andre helsepåstandar om næringsmiddel enn dei som viser til redusert sjukdomsrisiko og til utviklinga og helsa til barn (EUT L 134 av 11.5.2022, s. 1).
219. **32022 R 0727**: Kommisjonsforordning (EU) 2022/727 av 11. mai 2022 om avslag på godkjenning av ein helsepåstand om næringsmiddel som viser til redusert sjukdomsrisiko (EUT L 135 av 12.5.2022, s. 1).”

#### *Artikkel 2*

Teksta til forordning (EU) 2022/709, (EU) 2022/710, (EU) 2022/711, (EU) 2022/719 og (EU) 2022/727 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjort i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

#### *Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 10. desember 2022, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(\*)).

#### *Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

---

(\*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

Utferda i Brussel 9. desember 2022.

For EØS-komiteen

***Kristján Andri Stefánsson***

Formann

UOFFISIELL OMSETJING